



# KARTLEGGING TEKNISKE TENESTER

*Nye Sogndal kommune*

Arbeidsgruppe: Arne Abrahamsen, Cornelis Erstad, Kristian  
Losnegaard Karlsen, Ervin Beheim, Markus Mohn Werner

23.03.2018

# Innhald

Innleiing.....	2
Samandrag.....	3
1. Organisering.....	6
2. Kartlegging av ulike tenesteområde.....	7
2.1 Leiing, ulike forvaltningssaker, beredskap.....	7
2.2 Samfunns- og næringsutvikling.....	8
2.3 Landbruk, vilt, natur- og miljøforvaltning.....	9
2.4 Plansak.....	10
2.5 Byggesak.....	11
2.6 Oppmåling - kart/GIS.....	12
2.7 FDV - bygg.....	13
2.8 FDV – veg og parkering.....	15
2.9 FDV – anlegg og grønområde.....	16
2.10 Vatn og avlaup.....	17
2.11 Renovasjon.....	18
2.12 Brannvern.....	18
2.13 Prosjektgjennomføring - investeringar.....	19

## Innleiing

Kartlegginga av tekniske tenester i kommunane Balestrand, Leikanger og Sogndal er utført etter oppdrag og mandat frå styringsgruppa 22.01.18. Arbeidsgruppa som vart nedsett har hatt 3 møte, eitt i kvar av kommunane. Mellom møta har medlemmene hatt korrespondanse på e-post, telefon og oppgradert felles dokument i Dropbox.

Arbeidsgruppa brukte noko tid på å strukturere arbeidet, definere og avgrense kartlegginga ut i frå mandatet som var gjeve. Vi delte inn tekniske tenester i det vi såg som naturlege fagområde, og fastsette vidare ein mal med definerte data vi meinte var relevante for ei kartlegging på dette nivået, - og ikkje minst ut i frå den tida som var til disposisjon.

Kartleggingsarbeidet er gjennomført i den einskilde kommune. I dette arbeidet er dei tilsette på avdelingane trekt aktivt med i arbeidet.

På einskilde område bør dette arbeidet følgjast opp med meir detaljerte kartleggingar. Dette gjeld t.d. gebyr og betalingsssatsar, eksakte avtalar, IKT-system og applikasjonar som er i bruk og einskilde medarbeidarar sin kompetanse og ynskje om oppgåver i den nye organisasjonen.

Vi vonar at denne rapporten er eit svar på oppgåva – og eit nyttig utgangspunkt for det vidare arbeidet med å bygge nye Sogndal kommune.

### *Balestrand/Leikanger og Sogndal 24.03.18* *Arbeidsgruppa for Kartlegging av tekniske tenester*



**Arne Abrahamsen**  
Balestrand kommune  
(leiar)



**Kristian L. Karlsen**  
Sogndal kommune



**Cornelis Erstad**  
Sogndal kommune



**Ervin Beheim**  
Leikanger kommune



**Markus M. Werner**  
Sogndal kommune  
(tillitsvald)

# Samandrag

## Organisering av tekniske tenester

Tekniske tenester i dei 3 kommunane er eit **konglomerat av ulike fagområde**. Også innan mange av fagområda er det oppgåver som krev høgst ulik fagkompetanse.

Organisering med samansetning av fagområde og tilhøyrande oppgåver er grunnleggande lik i dei tre kommunane. I Sogndal er det to avdelingar med to tenesteleiarar rett under rådmannen, medan det i Balestrand og Leikanger er ei avdeling leia av ein kommunalsjef. Oppdeling i organisatoriske og budsjettmessige fagområde er tilnærma identiske. Kapitla i denne kartlegginga er bygd opp etter denne inndelinga av fagområde.

## Stillingsressursar

Stillingsressursane innan teknisk sektor fordelar seg som vist i tabell 1.1:

Tabell I.I Ressursbruk for Tekniske tenester - årsverk					
Tilsette	Eining	Balestrand	Leikanger	Sogndal	Totalt
Leing, forvaltning, beredskap	Årsverk	0,6	0,5	1,6	2,7
Samfunns og næringsutvikling	Årsverk	1,0	0,3	0	1,3
Landbruk, vilt- og miljøforvaltning	Årsverk	0,6	0,5	2,1	3,2
Plansak	Årsverk	0,2	0,5	3,3	4,0
Byggesak	Årsverk	0,1	0,9	1,8	2,8
Oppmåling, kart/GIS	Årsverk	0,3	0,4	2	2,7
FDV-bygg	Årsverk	9,2	15,1	21,0	45,3
FDV-veg	Årsverk	1,1	1,0	7,4	9,5
FDV-anlegg	Årsverk	0,4	1,0	0,5	1,9
Vatn og avlaup	Årsverk	1,5	1,4	5,0	7,0
Prosjekt - investeringar	Årsverk	0,3	0,5	2,5	3,3
Stillingsressursar brukt i eiga verksemd	Årsverk	15,3	21,2	47,2	83,7
Netto sal/kjøp av tenester	Årsverk	2,3	-1,3	0,1	1,1
Stillingsressursar i kommunane	Årsverk	17,6	19,9	47,3	84,8

*Merk: Brannvern og renovasjon er organisert i interkommunale selskap og er ikkje med her. Stillingsressursar for Sogndal og Leikanger sitt kjøp av næringsutvikling i Sogn næring AS er heller ikkje med i denne oversikta.*

Kommunane har ca. **85 årsverk** for tenesteområdet samla. Tek ein med at det er litt netto sal av tenester til andre kommunar er det ca. 84 årsverk som vert nytta i eiga verksemd. Deler vi områda slik organisasjonen er i Sogndal kommune, er det ca. 16 årsverk knytt til plan- og næringsområdet, medan det er 69 årsverk innan kommunalteknikk (FDV bygg, vegar og anlegg, VA og investeringsprosjekt).

Mange av fagområda vil få relativt små fagmiljø også i nye Sogndal kommune. I dag er det ein viss grad av kjøp og sal av tenester, samt organisering av tenester i interkommunale selskap eller samarbeid. Ein finn det fornuftig å halde fram med slike samarbeid på einskilde område også etter at nye Sogndal kommune er etablert.

## Tilsette - kompetanse og rekruttering

Dei 85 årsverka fordelar seg på i overkant av 110 tilsette. Gjennomgåande har kommunane i dag tilsette med relevant formell kompetanse og god realkompetanse. For fagområde knytt til plan, byggesak, oppmåling, kart/GIS har det vore krevjande for mange kommunar i regionen å rekruttere og halde på kvalifiserte medarbeidarar. Ein har tidvis erfart dette i våre kommunar også, men sett under eitt har ein no god dekning også på desse fagområda. Sogndal kommune har etter kvart opparbeid og tileigna seg høg kompetanse og erfaring innanfor desse fagområda, og vert, saman med Førde, rekna som leiande innanfor plan- og byggesaksfeltet i fylket.

For nokre fagområde nærmar fleire av dei tilsette seg pensjonsalder samstundes, t.d. innan landbruksområdet. Det vil vere viktig å førebu denne situasjonen og samordne rekruttering i høve

ny kommune. Ved ny rekruttering vil det vere viktig å avklare om ein kan strukturere ansvar mellom stillingar slik at ein no kan får reine fagstillingar, i staden for at alle skal gjere litt av alt. Døme her kan vere ei stilling med ansvar for/kompetanse til natur/vilt/miljø og kanskje friluftsliv knytt til ei landbrukseining. Eit anna døme er heil gartnerstilling for heile kommunen.

Det har ikkje vore gjennomført kartlegging på individnivå no. Det bør vere ein prioritert oppgåve å få ein noko meir spesifikk oversikt, og særskild å avklare/sikre nøkkelpersonell slik at dei ikkje søkjer seg vekk på grunn av unødvendig uvisse i omstillingsfasen.

## Økonomi – ressursbruk

Økonomisk ressursbruk innan teknisk sektor fordeler er som vist i tabell 1.2 og 1.3:

Tema	Eining	Balestrand	Leikanger	Sogndal	Totalt
Brutto driftskostnader (inkl. mva)	1000 kr	23.866	38.832	101.598	164.296
Inntekter (inkl. mva-komp)	1000 kr	-13.175	-23.839	-68.091	-105.105
Netto driftsresultat 2017	1000 kr	10.691	14.993	33.507	59.191

Samla netto driftsresultat for 2017 i dei tre kommunane er på ca. 59 mill. kr. Samla kostnader er på ca. 164 mill. kr, medan det er betydelege inntekter direkte på tenestområdet. Dette er inntekter frå gebyr, sal av tenester og leigeinntekter. I tabellen er også inntekter frå mva-kompensasjonen, då med tilsvarende mva-kostnader i brutto driftskostnader.

Oversikta viser naturleg nok at omfanget av tenestene er ulikt, men gjev også ein indikasjon på at nivå på tenestene truleg varierer noko mellom kommunane. I tabellen under er sett opp netto driftskostnader for aktiviteten i 2017 for nokre av fagområde. Dette er gjort for å få eit overblikk over omfang. Ein gjer merksam på at nokre av kostnadene berekna ut i frå vurdert bruk av stillingsressursar for tilsette som også jobbar med andre fagområde. Det kan også vere noko ulik rekneskapsføring mellom kommunane på dei einskilde fag/tenestområda.

Tema	Eining	Balestrand	Leikanger	Sogndal	Totalt
Leiging, forvaltning, beredskap	Kr/år	611000	600000	1200000	2411000
Samfunns og næringsutvikling	Kr/år	1200000	350000	880000	2430000
Landbruk, vilt- og miljøforvaltning	Kr/år	420000	354000	1625000	2399000
Plansak	Kr/år	279000	747000	2472000	3498000
Byggesak	Kr/år	129000	121000	238000	488000
Oppmåling, kart/GIS	Kr/år	130000	182000	-384000	-72000
FDV-bygg	Kr/år	4184000	4768000	19458000	28410000
FDV-veg	Kr/år	2257000	1758000	10051000	14066000
FDV-anlegg	Kr/år	970000	970000	1504000	3444000
Vatn og avlaup	Kr/år	-1050000	-71000	-11592000	-12712810
Renovasjon	Kr/år	0	0	-602000	-602000
Brannvern	Kr/år	2281000	2506000	8120000	12907000

*Merk* Rekneskapsføring kan vere sett opp litt ulikt i dei ulike kommunane. I Sogndal er kostnadene for utleigebustader ført under FDV-bygg, men ikkje leigeinntektene. For Sogndal kulturhus er ikkje alle driftskostnadene med, men leigeinntektene.

## Økonomi – gebyr og betalingssatsar

Det er til dels store skilnader i gebyr- og betalingssatsar for mange tenester. Dette må bli gjennomgått før 2020. For tenester som skal følgje eit sjølvkostprinsipp er det viktig at kompetanse frå økonomisida i kommunen vert trekt inn i arbeidet. Ein har ikkje gått gjennom leigeprisar bygg, bustader m.v. Dette må nok også bli gjort, men kan vente til etter 2020. Her kjem inn meir skjønsmessige vurderingar som marknadssituasjon, standard, brukargrunnlag m.v.

## IKT-system, -utstyr

IKT-system og utstyr er gjennomgåande like. Det ser ikkje ut til å vere fagspesifikke IKT-system som må skiftast ut før 2020. Det vil derimot vere ein jobb å samordne innhald i ein del av dei systema vi har. Kvalitetssystemet (TQM) med dokumentasjon, prosedyrar, avvikshandtering er

eit døme. På sikt vil det vere aktuelt å samordne styrings og driftssystem for i første rekke bygg og VA-anlegg for å kunne samordne og rasjonalisere drift på desse områda.

## Utstyr

Kommunane har generelt rimeleg bra utstyr i høve oppgåvene ein utfører sjølv. På teknisk drift har Sogndal ein del maskinelt utstyr som kan nyttast i heile kommunen etter 2020. Innan reinhald skjer det ei utvikling som det er viktig å vere oppdatert på. Dette gjev ein betre arbeidssituasjon for dei tilsette, meir effektivt og betre reinhald i kommunen sine bygg. Ein registrerer at kommunane i ulik grad har tilgjengelege tenestebilar som kommunen eig eller leiger.

## Avtalar

Det er ein del ulike former for avtalar innan fagområdet. Desse kan grupperast i ulike typar avtalar:

- ✓ Husleigeavtalar bustader (ligg vanleg under personalforvaltning og pleie/omsorg)
- ✓ Andre leigeavtalar knytt til bygg, anlegg og eigedom
- ✓ Avtalar om tenestekjøp t.d. -
  - Serviceavtalar for tekniske anlegg og liknande med private
  - Brøyteavtalar, avtalar om drift av grønområde og liknande med private.
  - Avtalar om einskildleveranse frå private (kontrakt)
  - Kjøp av tenester med lokale selskap med kommunalt eigarskap – Sogn Næring AS
  - Interkommunale samarbeidsavtalar – t.d. skogbruksamarbeid i Sogn
  - Løysing av oppgåver i interkommunale selskap (IKS)
  - Kommunal avtale om kjøp/sal av tenester til annan kommune.
- ✓ Rammeavtalar for kjøp av utstyr, materiell, straum, forsikring mv.
- ✓ IKT-lisensar

Det er vist til ulike avtalar under kvart kapittel/fagområde. Ein har i denne samanhengen ikkje sett opp eit detaljert oversyn over dei einskilde konkrete avtalane. Dette er eit omfattande arbeid som må bli følgt opp i etterkant av dette arbeidet. Det vil bli ei stor utfordring dersom kommunane ikkje kan vere med i eit innkjøpssamarbeid slik vi har hatt det med Sogn og Fjordane fylkeskommune fram til no!


## Særskilde utfordringar

Det vil vere mange utfordringar, og vi er sikre på at vi gjennom dette arbeidet ikkje har kome på alle. I utfordringane ligg også ofte mogelegheitene – alt etter korleis vi ser det. Vi har drøfta dette punktet noko, og vil trekkje fram følgjande moment:

- ✚ Stor kapital i bygg og anlegg. Dette er viktig infrastruktur for utøving av kommunale tenester og for samfunnsmessige funksjonar. Generelt noko låg ressursbruk for å ivareta og utvikle denne ressursen.
- ✚ Finne balanse mellom samordning/lokalisering og driftsfunksjonar i ein geografisk stor kommune. Vaktordningar for tekniske anlegg. Nye IKT-løysingar gjev nye mogelegheiter.
- ✚ Samordne kvalitetssystem med dokumentasjon, rutinar og prosedyrar.
- ✚ Gjennomgang og samordning av ulike prosedyrar, rutinar og standardar.
- ✚ Gå gjennom gebyr og betalingssatsar innan ulike område.
- ✚ Felles standard for drift av parkar og grøntområde.
- ✚ Adresseringsprosjekt må bli gjennomført før 2020.
- ✚ Eigarskifteproblematikk – forsikringar, abonnement, registrering av køyretøy m.v.
- ✚ Ny felles planstrategi og kommuneplan, samfunnsdel må utarbeidast.
- ✚ Finne organisering og gode arbeids- og samhandlingsformer som gjer at kommunen vert ein god utviklingsaktør. Framtidig organisering av nærings- og samfunnsutviklings arbeidet vert viktig. Bruke resultat frå prosjektet «næringsvenleg region» som grunnlag for val av organisering, arbeidsformer og kultur i heile organisasjonen.
- ✚ Ha gode fagmiljø på ulike tenesteområde i Nye Sogndal kommune.
- ✚ Framleis organisere nokre tenester i interkommunale løysingar
- ✚ Spisse kometanse/ansvarsområde for einskilde stillingar
- ✚ Ta vare på kompetente medarbeidarar i omstillingsfasen fram til og etter 2020.


# 1. Organisering

## Balestrand kommune




Har ei avdeling «Plan og utvikling» leia av ein kommunalsjef med samla 17,6 årsverk. Det vert kjøpt tenester tilsvarande 0,3 årsverk og seld tenester tilsvarande 2,3 årsverk. Netto ressursbruk ca. 15,3 årsverk

## Leikanger kommune



Har ei avdeling «Plan og utvikling» leia av ein kommunalsjef med samla 19,9 årsverk. Det vert kjøpt tenester tilsvarande ca.1,3 årsverk. Netto ressursbruk ca. 21,2 årsverk

## Sogndal kommune



Har 2 avdelingar «Plan og næring» og «Kommunalteknikk» leia av to tenesteleiarar direkte under rådmannen. Kommunalteknikk har 37,2 årsverk og Plan og næring har 10 årsverk, samla 47,2 årsverk. Det vert kjøpt tenester tilsvarande 0,5 årsverk og seld tenester tilsvarande 0,4 årsverk. Netto ressursbruk ca. 47,3 årsverk.

## 2. Kartlegging av ulike tenesteområde

### 2.1 Leiing, ulike forvaltningsaker, beredskap

#### Leiging

I alle kommunane er det ein leiarfunksjon i avdelingane som har ansvar for oppgåvefordeling måloppnåing, budsjettstyring, oppfølging av kvalitetssystem, personalleiing, deltaking i leiargruppa til rådmannen, m.m.

Tilsette	Eining	Balestrand	Leikanger	Sogndal	Totalt
Tilsette som jobbar med fagområdet	Stilling	1	1	2	4
Stillingsressursar	Årsverk	0,2	0,2	1,4	1,8

Ressursar er stipulert.

#### Forvaltningsoppgåver m.m.

Det er også ein del forvaltningsoppgåver og saksfelt ut over hovudoppgåvene med plan, kart og oppmåling, byggesak og saker innanfor landbruks og natur og miljøforvaltningsområdet. Desse oppgåvene kan bli utført av leiar, men også av andre på avdelinga. Oppgåvene heng ofte saman med fagfelt i avdelinga, medan nokre oppgåver er litt tilfeldig samla opp her. Dette varierer frå kommune til kommune. Døme på slike oppgåver er lista opp under. Lista er ikkje uttømmende.

- ✓ Løyver etter veglov, vegtrafikklov, ureiningslov m.m.
- ✓ Uttaler til regionale planar, konsesjonssaker m.m.
- ✓ Skjenkesaker og serveringsløyver. (Sogndal)
- ✓ Sal og kjøp av eigedom
- ✓ Spelemiddelsøknader (relativt omfattande felt om tek kring 0,4 årsverk samla)

Tilsette	Eining	Balestrand	Leikanger	Sogndal	Totalt
Tilsette som jobbar med fagområdet	Stilling	3	1	4	8
Stillingsressursar	Årsverk	0,3	0,2	0,5	1,0

Ressursar er stipulert.

#### Samfunnsmessig beredskap

Kommunane har eit omfattande ansvar etter Sivilbeskyttelseslova. Tekniske tenester er tungt inne i dette arbeidet i alle 3 kommunane:

- ✓ Utarbeiding av overordna ROS-analyse
- ✓ Utarbeiding av Kriseleiingsplan
- ✓ Utarbeiding av kommuneplan Beredskap
- ✓ Deltaking i overordna kriseleiing
- ✓ Bruk og oppdatering av DSB-CIM

Tilsette	Eining	Balestrand	Leikanger	Sogndal	Totalt
Tilsette som jobbar med fagområdet	Stilling	3	1	2	6
Stillingsressursar	Årsverk	0,1	0,1	0,1	0,3

Ressursar er stipulert.

#### Økonomi, gebyrsatsar - samla

Tema	Eining	Balestrand	Leikanger	Sogndal	Totalt
Ressursbruk – netto kostnader	Kr/år	611000	600000	1200000	

Alle tal tek utgangspunkt i rekneskap 2017, og er vidare stipulert ut frå bruk av stillingsressurs.

#### Avtalar

Ingen særskilde.

#### Særskilde utfordringar

Gjennomgang og samordning av ulike prosedyrar, rutinar og standardar. Samordne kvalitetssystem (TQM) med dokumentasjon, rutinar og prosedyrar for heile tenesteområdet.



## 2.2 Samfunns- og næringsutvikling

### Nærare om tenesteområdet

Har særskild fokus på å jobbe saman med lokalsamfunnet for å utvikle dette. Aktivt samspele med aktørar innan næringsliv, bustadmarknaden og frivillig sektor for å skape aktivitet og utvikling innan desse områda. Det er også viktig å samordne, og få dei samla ressursane i den kommunale organisasjonen, til å jobbe i same retning for å utvikle det samfunnet vi er ein del av.

### Tilsette, kompetanse

Tilsette	Eining	Balestrand	Leikanger	Sogndal	Totalt
Tilsette som jobbar med fagområdet	Stilling	1	1	0	2
Stillingsressursar	Årsverk	1,0	0,3	0	1,3

Sogndal og Leikanger har organisert næringsarbeid i selskapet Sogn Næring AS. Balestrand kommune har ei stilling som nærings- og samfunnsutviklar i kommunen. Det vert utført arbeid på samfunnsutviklingsområdet i Leikanger (kultur og samfunnsutviklar) innan avdelinga.

### Nøkkeltal for utøving av tenesta

Tema	Eining	Balestrand	Leikanger	Sogndal	Totalt
Næringsfondssaker	Sak/år	11	-	-	-

Berre Balestrand kommune har denne type saker i avdelinga/kommunen.

### Økonomi, gebyrsatsar

Tema	Eining	Balestrand	Leikanger	Sogndal	Totalt
Ressursbruk – netto kostnader	Kr/år	1200000	350000	8800000	

Alle tal tek utgangspunkt i rekneskap 2017. Det er berre Balestrand som har eit tenesteområde med eige budsjett/rekneskap på området. Tal for Leikanger og Sogndal er årleg tilskot til Sogn Næring AS.

### IKT-system, utstyr

Tema	Eining	Balestrand	Leikanger	Sogndal	Totalt
Sak arkiv	System	ESA	ESA	ESA	-
Næringsfondssaker	System	Regional forvaltning	-	-	-

Ingen særskilde utfordringar.

### Avtalar

Næringsarbeid v/Sogn Næring AS (Leikanger og Sogndal).

### Særskilde utfordringar

Arbeidet i kommunane må samordnast med arbeidet og oppgåvene i Sogn Næring fram mot 2020. Prosjektet «næringsvennleg region» som alle tre kommunane er med i, skal vere med å gje svar på korleis dette arbeidet bør utførast og skal organiserast etter 2020. Viktig område å ha ein grundig diskusjon kring, med tanke på framtidig organisering og arbeidsform.

## 2.3 Landbruk, vilt, natur- og miljøforvaltning

### Nærare om tenesteområdet

Forvaltningsoppgåver knytt til landbruk og utmarksforvaltning. Næringsretta utviklingsarbeid knytt til landbruksdrift, skogbruk og andre tilleggsnæringar. Har oppgåver knytt til, og eit viktig grensesnitt, mot friluftslivstilrettelegging.

### Tilsette, kompetanse

Tilsette	Eining	Balestrand	Leikanger	Sogndal	Totalt
Tilsette som jobbar med fagområdet	Stilling	2	0	2	4
Stillingsressursar disponible	Årsverk	2,0	0	2,0	4,0
Stillingsressursar brukt på fagområdet	Årsverk	0,6	0,55	2,05	3,2

På jordbruksområdet har Sogndal tilsett 2 stillingar på 2,0 årsverk, men leiger ut 0,4 årsverk til Leikanger. Balestrand kommune kjøper 0,3 årsverk jordbruksfagleg kompetanse frå Høyanger kommune. Innan skogbruk er det etablert eit interkommunalt samarbeid for 8 kommunar i Indre Sogn med base i Balestrand kommune. Leikanger og Sogndal er med i dette samarbeidet.

Kommunane får her tenester tilsvarande; Balestrand 0,3 årsverk, Leikanger 0,15 årsverk og Sogndal 0,45 årsverk. Samarbeidet er avtalt fram til mai 2019.

### Nøkkeltal for utøving av tenesta

Tema	Eining	Balestrand	Leikanger	Sogndal	Totalt
Lovsaker; jord-, skog-, konsesjonslov m.m.	Sak/år	2	3	15	20
Produksjonstilskot	Sak/år	42	65	313	420
Regionalt miljøprogram	Sak/år	13	26	93	132
Innovasjon Norge - investeringsstøtte	Sak/år	1	4	10	15
SMIL-midlar (ramme)	Kr/år	120000	150000	270000	540000
Aktive skogeigedomar - skogfond	Stk	134	97	273	504
Aktive saker -skogfond	Stk	23	6	22	51
Skog – hogst (gj.snitt siste 5 år)	m <sup>3</sup> /år	4078	1750	8375	14203
Motorferdsle i utmark	Sak/år	5	6	6	17
Fellingsløyve – hjort/felt hjort	Tal dyr	600	115	1017	1732

### Økonomi, gebyrsatsar

Tema	Eining	Balestrand	Leikanger	Sogndal	Totalt
Ressursbruk	Kr/år	423000	354000	1650000	2427000
Gebyrinntekter og refusjon	Kr/år	-3000	0	-25000	-28000
Ressursbruk – netto kostnader	Kr/år	420000	354000	1625000	2399000

Alle tal tek utgangspunkt i rekneskap 2017.

### IKT-system, utstyr

Tema	Eining	Balestrand	Leikanger	Sogndal	Totalt
Sak arkiv	System	ESA	ESA	ESA	-
Produksjonstilskot	System	Estil PT	Estil PT	Estil PT	-
Gardskart	System	GIS-line	GIS-line	GIS-line	-

Kommunane har like system. Ingen særskilde utfordringar.

### Avtalar

Veterinærtjenester. Ettersøk viltforvaltning. Jakttoppsyn. Vassregion samarbeidsavtale. Skogsamarbeid for Indre Sogn (lokalisert i Balestrand kommune).

### Særskilde utfordringar

For jordbruk kjøper Balestrand kommune tenester, medan tilsette i Sogndal nærmar seg pensonsalder. Sogndal må gjennomføre ny rekruttering før 2020. Ein bør i fellesskap avklare omfang og krav til kompetanse før ny utlysing og tilsetjing. Det kan her vere fornuftig å tenkje ei reindyrka stilling på naturforvaltning (vilt, fiske), miljø og kanskje også friluftsliv i tillegg til jordbruksfagleg kompetanse. For skog gjeld avtalen om interkommunalt samarbeid i Indre Sogn fram til mai 2019. Eventuelt framhald må avklarast i god tid.

## 2.4 Plansak

### Nærare om tenesteområdet

Utarbeiding av planstrategi, kommuneplanar og ulike kommunedelplanar, samt utarbeiding av einskilde tematiske planar. Utarbeiding av kommunale reguleringsplanar i eigen regi eller samspel med konsulentar. Handsaming av alle kommunale planar og private reguleringsplanar og dispensasjonssaker. Saker om uttale til regionale planar, saker etter konsesjonslovgeving m.m.

### Tilsette, kompetanse

Tilsette	Eining	Balestrand	Leikanger	Sogndal	Totalt
Tilsette som jobbar med fagområdet	Stilling	1	0	3	4
Stillingsressursar disponible	Årsverk	0,2	0	3,3	3,5
Stillingsressursar brukt i eigen kommune	Årsverk	0,2	0,5	3,3	4,0

Samla sett er det bra dekning på planområdet med personar som har kompetanse på prosess og teknisk utarbeiding av plan og arealplan. Leikanger kjøper sin plankompetanse tilsvarande 0,5 årsverk frå Asplan Viak AS .

### Nøkkeltal for utøving av tenesta

Tema	Eining	Balestrand	Leikanger	Sogndal	Totalt
Kommuneplan samfunnsdel - vedtak	År	2010	2015	2010	-
Kommuneplan arealdel - vedtak	År	2010	2010 (2018)	2013 (2018)	-
Kommunedelplan/temaplan	Plan/år	2	3	1	6
Reguleringsplanar - gjeldande planar	Stk.	46	48	204	298
Reguleringsplanar - handsaming totalt	Plan/år	2	1	11	14
Reguleringsplanar - kommunale	Plan/år	1	1	2	4
Reguleringsplanar - sakshandsamingstid	Dagar	95	80	72	-
Dispensasjonssaker	Stk/år	4	1	33	38

Avdelingane har ansvar for kommuneplanar for areal. For tematiske kommunedelplanar eller temaplanar varierer det noko. Omfanget av reguleringsplanar varierer mykje frå Sogndal til Leikanger og Balestrand. Alle har rask handsaming av reguleringsplanane.

### Økonomi, gebyrsatsar

Tema	Eining	Balestrand	Leikanger	Sogndal	Totalt
Ressursbruk	Kr/år	299000	747000	2997000	4043000
Gebyrinntekter – inntekter på området	Kr/år	-20000	0	-525000	-545000
Ressursbruk – netto kostnader	Kr/år	279000	747000	2472000	3498000
Gebyrsats – priv. reg.plan <5000 m2	Kr/plan	13835	24798	23 088	-
Dispensasjonar	Kr/stk	2142	8088	6 492	-
Dispensasjonar- Føremålsending	Kr/stk	4285	8088	10 260	-

Alle tal tek utgangspunkt i rekneskap 2017. Kostnadane for samla ressursbruk er dels stipulerte ut i frå bruk av stillingsressursar då dei som jobbar med plan også jobbar med andre oppgåver. Gebyrsatsar må bli gjennomgått med utgangspunkt i sjølvkostprinsipp.

### IKT-system, utstyr

Tema	Eining	Balestrand	Leikanger	Sogndal	Totalt
Sak arkiv	System	ESA	ESA	ESA	-
Plan utarbeiding	System	GIS-line	GIS-line	GIS-line	-
Planregister	System	GIS-line	GIS-line	GIS-line	-
3D modellering	System	-	-	Sketchup	-

Kommunane har like system. Ingen særskilde utfordringar.

### Avtalar

IKT-lisensar. GIS-samarbeid i Sogn regionråd, Kommunekart (planpresentasjon, planregister).

### Særskilde utfordringar

Ein samla kommuneplan, samfunnsdel med mål og strategiar vil vere ein prioritert sak for den nye kommunen. Få god kopling mellom planverk og økonomiplan/budsjett og reell handling. System for registrering av dispensasjonssaker knytt til plan (kart).

## 2.5 Byggesak

### Nærare om tenesteområdet

Byggesakshandsaming etter plan og bygningslova. Kontroll.

### Tilsette, kompetanse

Tilsette	Eining	Balestrand	Leikanger	Sogndal	Totalt
Tilsette som jobbar med fagområdet	Stilling	1	1	2	4
Stillingsressursar	Årsverk	0,1	0,9	1,8	2,8

### Nøkkeltal for utøving av tenesta

Tema	Eining	Balestrand	Leikanger	Sogndal	Totalt
Bygge- og delesaker	Sak/år	30	115	239	384
Matrikkelføring	Sak/år	30	20	378	428
Utsleppsøyver	Sak/år	1	2	7	10
Sakshandsamingstid – 3 veker frist	Dagar	20	9	12	-
Sakshandsamingstid – 12 veker frist	Dagar	30	40	12	-

Kommunane har stor variasjon med omsyn på tal saker. Alle kommunane har rask sakshandsaming på byggesakene.

### Økonomi, gebyrsatsar

Tema	Eining	Balestrand	Leikanger	Sogndal	Totalt
Ressursbruk - kostnader	Kr/år	202000	742000	2248000	3192000
Gebyrinntekter – inntekter på området	Kr/år	-73000	-561000	-2010000	-2704000
Ressursbruk – netto kostnader	Kr/år	129000	121000	238000	488000
Gebyrsats – bustad	Kr/sak	8913	14063	17508	-

Alle tal tek utgangspunkt i rekneskap 2017. For gebyrsats er det føresett byggesak for bustad 100 m<sup>2</sup> (KOSTRA). Det er store skilnader på gebyrsatsar. Desse må bli gjennomgått med utgangspunkt i sjølvkostprinsipp.

### IKT-system, utstyr

Tema	Eining	Balestrand	Leikanger	Sogndal	Totalt
Sak arkiv	System	ESA	ESA	ESA	-
Register	System	Matrikkel	Matrikkel	Matrikkel	-
Eldre byggesaksarkiv	System	Papir	Digitalt/ papir	Digitalt/ papir	-

Kommunane har like system. Ingen særskilde utfordringar.

### Avtalar

IKT-lisensar. Uavhengig byggesakstilsyn (felles under Sogn Brann og Redning IKS).

### Særskilde utfordringar

System som ivaretek KOSTRA-rapportering. System for registrering av dispensasjonssaker knytt til plan (kart). System som viser alle krav i høve flaum, ras, miljø etc. for den enkelte eigedom som blir søkt opp. Web-basert innsynssystem for publikum. Planer, krav, status.

## 2.6 Oppmåling - kart/GIS

### Nærare om tenesteområdet

Gjennomføring av oppmåling og saker etter matrikkellova, seksjoneringsaker etter eigarseksjonslova og adressering. Ta vare på, utvikle og gjere tilgjengeleg kart/GIS-databasar.

### Tilsette, kompetanse

Tilsette	Eining	Balestrand	Leikanger	Sogndal	Totalt
Tilsette som jobbar med fagområdet	Stilling	1	1	2	4
Stillingsressursar disponible	Årsverk	0,9	0,1	2	3,0
Stillingsressursar brukt i eigen kommune	Årsverk	0,3	0,4	2	2,7

Status i dag er at Balestrand kommune sel tenester for ca. 0,3 årsverk til Høyanger kommune og 0,3 årsverk til Leikanger kommune. Leikanger kommune har ikkje kompetanse på området, men nyttar litt stillingsressurs i tillegg til kjøp av 0,3 stilling frå Balestrand kommune. Sogndal har 2 stillingar (2,0 årsverk) og dekkjer sitt behov. Samla sett er det bra dekning med personar som har god kompetanse både på oppmåling og på kart/GIS. Ein vurderer at ca. 3,0 årsverk vil dekkje behovet i ny kommune fordelt på ca. 2,0 stilling til oppmåling og ca.1,0 på kart/GIS.

### Nøkkeltal for utøving av tenesta

Tema	Eining	Balestrand	Leikanger	Sogndal	Totalt
Oppmålingssaker	Sak/år	15	25	107	147
Andre saker (som ikkje krev oppmåling)	Sak/år	7	15	21	43
Av dette – saker kjøpt av eksterne	Sak/år	0	25	0	25
Sakshandsamingstid – oppmålingsforr.	Dagar	60	150	70	-

Alle kommunane har rask og tilfredsstillande sakshandsaming på oppmålingsforretningar.

### Økonomi, gebyrsatsar

Tema	Eining	Balestrand	Leikanger	Sogndal	Totalt
Ressursbruk (eigen kommune)	Kr/år	290000	290000	2285000	2865000
Gebyrinntekter – inntekter på området	Kr/år	-160000	-108000	-2669000	-2937000
Ressursbruk – netto kostnader	Kr/år	130000	182000	-384000	-72000
Gebyrsats – oppmålingsforr. bustadtomt	Kr/forr.	14731	18367	27985	-

Alle tal tek utgangspunkt i rekneskap 2017. For gebyrstats er føreset oppmålingsforretning for bustadtomt på 500-1500 m2. Det er store skilnader på gebyrsatsar. Desse må bli gjennomgått med utgangspunkt i sjølvkostprinsipp.

### IKT-system, utstyr

Tema	Eining	Balestrand	Leikanger	Sogndal	Totalt
Sak arkiv	System	ESA	ESA	ESA	-
Plan utarbeiding	System	GIS-line	GIS-line	GIS-line	-
Planregister	System	GIS-line	GIS-line	GIS-line	-

Kommunane har relativt like system. Ingen særskilde utfordringar.

### Avtalar

IKT-lisensar. Geovekstavtale. Samarbeid om GIS-koordinator gjennom Sogn Regionråd.

### Særskilde utfordringar

Nytt lovforslag om oppmåling vert handsama i våren 2018. Innstilling til at oppmålingsforretningar ikkje vert privatiserte. Dette vil vere positivt då kommunen i så fall ikkje mister viktig kompetanse knytt til kart/GIS og eigedomsforvaltning. Må gjennomføre adresseringsprosjekt i god tid før 2020, jf. møte med Kartverket.

## 2.7 FDV - bygg

### Nærare om tenesteområdet

Kommunane er eigarar av stor bygningsmasse. Desse bygga skal forvaltast, driftast og bli vedlikehalde. Kommunane gjer delvis dette sjølv med egne vaktmeister- og reinhaldstenester og kjøper delvis tenester frå private. Det er lovmessige krav til bygga på ulike fagområde der det vert gjennomført eksterne tilsyn samt krav til eigen internkontroll.

### Tilsette, kompetanse

Tilsette	Eining	Balestrand	Leikanger	Sogndal	Totalt
Tilsette som jobbar med fagområdet	Stilling	15	16	28	59
Stillingsressursar - styring	Årsverk	0,5	0,6	1,5	2,6
Stillingsressursar - vaktmeister/drift	Årsverk	1,7	4,5	6,5	12,7
Stillingsressursar - reinhald	Årsverk	7,0	10	13,0	30,0
Stillingsressursar - TOTALT	Årsverk	9,2	15,1	21,0	45,3

Dette fagområdet er det største innan tekniske tenester med over halvparten av stillingsressursane. Sjølv om det er gjennomgåande bra fagkompetanse, vil det vere viktig å ha fokus på dette framover då tekniske krav og tekniske løysingar stadig utviklar seg og set krav til ny og oppgradert fagkompetanse.

### Nøkkeltal for utøving av tenesta

Tema	Eining	Balestrand	Leikanger	Sogndal	Totalt
Skulebygg	Tal	3	2	5	10
	m <sup>2</sup>	3546	5650	14965	24161
Barnehagar	Tal	3	3	7	13
	m <sup>2</sup>	713	935	2321	3969
Helsebygg	Tal	3	1	2	6
	m <sup>2</sup>	3463	3485	10000	16948
Kultur, idrettsbygg.	Tal	2	2	1	5
	m <sup>2</sup>	2935	2590	11130	16655
Administrasjonsbygg	Tal	1	2	2	5
	m <sup>2</sup>	1100	3200	3100	7400
Andre føremålsbygg – teknisk, toalett mv.	Tal	6	2	7	15
	m <sup>2</sup>	560	250	500	1310
<b>Sum føremålsbygg</b>	<b>tal</b>	<b>15</b>	<b>12</b>	<b>27</b>	<b>54</b>
<b>Sum føremålsbygg</b>	<b>m<sup>2</sup></b>	<b>12317</b>	<b>16111</b>	<b>42016</b>	<b>70444</b>
Omsorgsbustader	tal	41	25		66
Utleigebustader	tal	29	26	158	213
<b>Sum omsorgsbustader og bustader</b>	<b>tal</b>	<b>70</b>	<b>51</b>	<b>158</b>	<b>279</b>

Kartlegginga er ikkje heilt eksakt. Oppstillinga gjev likevel ei oversikt av at den nye kommune vert ein stor eigar av bygningar. Sogndal kommune har rapportert omsorgsbustader og utleigebustader samla i KOSTRA. Talet i tabellen er difor for både omsorg- og utleigebustader.

### Eiendomsforvaltning for utvalgte kommunale formålsbygg - kostnader i kroner pr år (gjennomsnitt av åra 2015-2017) KOSTRA-tal

		1418 Balestrand	1419 Leikanger	1420 Sogndal
Netto driftsutgifter til kommunal eiendomsforvaltning per innbygger	Snitt 2015-2017	7885	6258	3699
Samlet areal på formålsbyggene i kvadratmeter per innbygger	Snitt 2015-2017	10,6	6,4	3,7
Korrigerte brutto driftsutgifter til kommunal eiendomsforvaltning per kvadratmeter	Snitt 2015-2017	768	1003	1003

Ser vi litt nærare på KOSTRA-tal har Balestrand stort byggareal og ut frå dette høge byggkostnader per innbyggjar. Ser vi på kostnad i høve byggstorleik er Leikanger og Sogndal like, medan det Balestrand nyttar minst ressursar per kvadratmeter bygg.

## Økonomi, gebyrsatsar

Tema	Eining	Balestrand	Leikanger	Sogndal	Totalt
Ressursbruk - kostnader		8238000	7811000	32989000	49038000
Leigeinntekter	Kr/år	-4054000	-3043000	-13531000	-20628000
Ressursbruk – netto kostnader	Kr/år	4184000	4768000	19458000	28410000

Alle tal tek utgangspunkt i rekneskap 2017. For Sogndal vert ikkje leigeinntektene for utleige-bustadar, samt alle kostnader for kulturhuset, ført på tekniske tenester. Dei er difor ikkje med i tabellen over. Vidare er reinhaldet på omsorgssenteret organisert under tenesta, og ikkje med i oversikta.

Også ut i frå bruk av økonomiske ressursar er dette det klart største fagområdet innan tekniske tenester. Det er viktig å finne eit riktig nivå på drift og vedlikehald for å ivareta byggkapitalen og ha ein god økonomisk drift over tid. Byggstandard og utforming av bygg vil også kunne virke inn på organisering og kostnader av tenestene i bygget.

## IKT-system, utstyr

Tema	Eining	Balestrand	Leikanger	Sogndal	Totalt
Sak arkiv	System	ESA	ESA	ESA	
SD-anlegg (ventilasjon, temperatur m.m.)	System	Normatic	Schneider, GK	Caverion GK, Schneider	
Vedlikehaldsprogram		IK Bygg.			
Kvalitetssystem	System	TQM	TQM	TQM	

Kommunane har relativt like system. Ingen særskilde utfordringar.

## Avtalar

Serviceavtalar for ventilasjon, elektriske anlegg, brannsløkkeutsyr/nødlys, heis. Innkjøpsavtalar.

## Særskilde utfordringar

- ✚ Ha tilstrekkelege ressursar til å ivareta bygningskapitalen.
- ✚ Kvalitetssystemet/internkontroll (TQM) må samordnast med dokumentasjon, prosedyrar og avvikshandsaming.
- ✚ Få ein samla vedlikehaldsplan der større vedlikehald vert kalkulert og prioritert.
- ✚ Ha fokus på utforming av bygg og utstyr som kan gje god og rasjonell drift.

## 2.8 FDV – veg og parkering

### Nærare om tenesteområdet

Kommunane eig og driftar kommunale vegar og anlegg i tilknytning til desse. Kommunane overtek også kommunale vegar bygd av private aktørar i samband med utbyggingsprosjekt. I samband med slik utbygging vert det handtering av utbyggingsavtalar og oppfølging av kommunal vegstandard. I Sogndal kommune er det avgiftsparkering.

### Tilsette, kompetanse

Tilsette	Eining	Balestrand	Leikanger	Sogndal	Totalt
Tilsette som jobbar med fagområdet	Stilling	5	1	8	14
Stillingsressursar - styring	Årsverk	0,2	0,5	1	1,7
Stillingsressursar - drift	Årsverk	0,9	0,5	6,4	7,8
Stillingsressursar - TOTALT	Årsverk	1,1	1,0	7,4	9,5

I tillegg til egne tilsette er delar av drift kjøpte tenester (brøyteavtalar og liknande)

### Nøkkeltal for utøving av tenesta

Tema	Eining	Balestrand	Leikanger	Sogndal	Totalt
Kommunal veg – veg med kommunal drift	km	31	35	105	171
Kommunale parkeringsplassar	stk	222	0	1682	1904
Kommunale gateløys	stk	354	323	970	1647

Kartlegginga viser at den nye kommunen også vert ein stor eigar av kommunale veganlegg.

Utstyr	Eining	Balestrand	Leikanger	Sogndal	Totalt
Traktor - stor	stk	2	1	2	
Traktor – liten	stk	1	0	1	
Feiemaskin	stk	1	0	2	
Kantklipp	stk	-	0	1	
Veghøvel	stk	-	0	1	
Lastebil	stk	-	0	1	
Hjulgravemaskin	stk	-	1	1	
Hjullastar	stk	-	0	2	

### Økonomi, gebyrsatsar

Tema	Eining	Balestrand	Leikanger	Sogndal	Totalt
Ressursbruk - kostnader	Kr/år	2257000	1758000	25212000	29227000
Inntekter frå parkering, m.m.	Kr/år	0	0	-8483000	-8483000
Ressursbruk – netto kostnader	Kr/år	2257000	1758000	10051000	14066000

Alle tal tek utgangspunkt i rekneskap 2017. For Sogndal er ressursbruken bruttotal. Andre inntekter er ikkje ført i tabellen, og difor er ikkje netto kostnader summen av ressursbruken og inntekter frå parkering.

### IKT-system, utstyr

Tema	Eining	Balestrand	Leikanger	Sogndal	Totalt
Sak arkiv	System	ESA	ESA	ESA	-
Kvalitetssystem (dokumentasjon, internkontroll)	System	TQM	TQM	Digitalt	-

Kommunane har like system. Ingen særskilde utfordringar.

### Avtalar

Utstyr	Eining	Balestrand	Leikanger	Sogndal	Totalt
Brøyte- og driftsavtalar med private	Stk.	4	4	6	14

Avtalar knytt til brøyting og drift vegar, avtaler for drift av gateløys.

### Særskilde utfordringar

Planmessig avklaring av vedlikehaldsbehov. Samordning av tenestekjøp.



## 2.9 FDV – anlegg og grønområde

### Nærare om tenesteområdet

Kommunane eig og driftar kommunale anlegg og grøntområde utanom bygningar og veganlegg. Dette er ulike typar av anlegg som krev ulik drift og tilsyn. I kartlegginga er desse anlegga samla av praktiske omsyn.

### Tilsette, kompetanse

Tilsette	Eining	Balestrand	Leikanger	Sogndal	Totalt
Tilsette som jobbar med fagområdet	Stilling	3	1	1	5
Stillingsressursar - drift	Årsverk	0,4	1,0	0,5	1,9

Det er manglande kompetanse innan gartnarfaget.

### Nøkkeltal for utøving av tenesta

Tema	Eining	Balestrand	Leikanger	Sogndal	Totalt
Grøntareal - plenareal	da	37	40	70	147
Sentrumsnære parkanlegg	stk	1	1	2	4
Idrettsanlegg (utanom bygg)	stk	1	1	0	2
Kommunale nærmiljøanlegg	stk	2	2	5	9
Badeplassar/friområde	stk	4	2	6	12
Offentlege toalett/servicebygg	stk	3	4	9	16
Kaianlegg	stk	1	1	2	4

Kartlegginga viser at den nye kommune også vert ein stor eigar av slike typar anlegg. Drift vert også her utført med egne tilsette, kjøp av tenester, og også i form av dugnad utført av frivillige lag og organisasjonar. Det er i tillegg friluftslivstiltak som t.d. dagsturhytter, turstiar, naturmøteplassar som ikkje er registrete her. Sogndal skil seg litt ut. Idrettsanlegg til ålmenn bruk er her eigd og drifta av idrettslaglag/organisasjonar.

### Økonomi, gebyrsatsar

Tema	Eining	Balestrand	Leikanger	Sogndal	Totalt
Ressursbruk – netto kostnader	Kr/år	970000	970000	1504000	3444000

Alle tal tek utgangspunkt i rekneskap 2017.

### IKT-system, utstyr

Tema	Eining	Balestrand	Leikanger	Sogndal	Totalt
Sak arkiv	System	ESA	ESA	ESA	
Anleggsregister (idrett og friluftsliv)	System	Anleggsreg.	Anleggsreg.	Anleggsreg.	

Kommunane har like system. Ingen særskilde utfordringar.

### Avtalar

Avtalar knytt til drift og bruk av anlegg, spesielt for anlegg innan idrett og friluftsliv. Leige- og bruksrettsavtalar for grunn (eigedom).

### Særskilde utfordringar

Gartnarcompetanse. Viktig å får ei felles standard for stell av parkanlegg og grøntområde. Dette er viktig for innbyggjarane sin trivsel og i reiselivssamheng.

## 2.10 Vatn og avlaup

### Nærare om tenesteområdet

Kommunane eig og driftar kommunale VA-anlegg. Det er strenge krav til drift, tilsyn og beredskap på for området. Kostnader vert dekkja fullt ut av gebyr etter sjølvkostprinsippet.

Kommunane overtek også VA-anlegg bygd av private aktørar i samband med utbyggingsprosjekt. I samband med slik utbygging vert det handtering av utbyggingsavtalar og oppfølging av kommunal VA-standard.

### Tilsette, kompetanse

Tilsette	Eining	Balestrand	Leikanger	Sogndal	Totalt
Tilsette som jobbar med fagområdet	Stilling	2	1	5	8
Stillingsressursar - drift	Årsverk	1,2	0,5	5	6,7

Samla sett har tilsette innan dette området god kompetanse.

### Nøkkeltal for utøving av tenesta

Tema	Eining	Balestrand	Leikanger	Sogndal	Totalt
Hovudplan - vatn	årstal	2015	2005	2009	-
Hovudplan - avlaup	årstal	2015	2005	2009	-
Tal vassverk	stk	1	1	5	7
Tal avlaupsanlegg	stk	1	3	3	7
Tal abonnentar vassverk	stk	479	600	2400	3479
Tal abonnentar avlaupsanlegg	stk	392	650	1800	2842
Lengde vassleidning	km	64	24	72	160
Lengde avløpsleidning	km	9	21	40	70

### Økonomi, gebyrsatsar

Tema	Eining	Balestrand	Leikanger	Sogndal	Totalt
Ressursbruk - kostnader	Kr/år	1817000	3658000	14151000	19626000
Inntekter frå gebyr	Kr/år	-2867000	3729000	-25743000	-24881000
Ressursbruk – netto kostnader	Kr/år	-1050000	-71000	-11592000	-12712810
Gebyrsats – vatn	Kr/år	3 214	4968	3103	-
Gebyrsats - avlaup	Kr/år	1 714	3286	3504	-

Alle tal tek utgangspunkt i rekneskap 2017. Standard einebustad 100-250 m<sup>2</sup>

### IKT-system, utstyr

Tema	Eining	Balestrand	Leikanger	Sogndal	Totalt
Sak arkiv	System	ESA	ESA	ESA	
SD-anlegg	System	Normatic	Normatic	Caverion	

Kommunane har ulike styrings og driftskontrollanlegg (SD-anlegg). Desse bør samordnast på sikt slik at det er enkelt å samordne drift og tilsyn.

### Avtalar

Sogn Lab (analyser)

### Særskilde utfordringar

Samordne SD-anlegg for rasjonell styring/vakt for VA-anlegga. Organisering av vakt på VA, samt andre tekniske anlegg må ein sjå nærare på.

Kartlegge/digitalisere VA-nett. Ein har god kompetanse på digitalisering i Sogndal kommune blant anna i Sogndal kommune.

## 2.11 Renovasjon

### Nærare om tenesteområdet

Kommunane har ansvar for renovasjon for hushaldningar. Dette vert løyst gjennom Simas IKS. Kommunane eig miljøstasjonane. Dette gjeld ikkje Sogndal kommune der Festningedalen og hovudanlegget til Simas IKS også fungerer som lokal miljøstasjon.

### Økonomi, gebyrsatsar

Tema	Eining	Balestrand	Leikanger	Sogndal	Totalt
Ressursbruk - kostnader	Kr/år	0	0	123000	123000
Inntekter	Kr/år	0	0	-725000	-725000
Ressursbruk – netto kostnader	Kr/år	0	0	-602000	-602000

Kostnader vert dekkja fullt ut av gebyr etter sjølvkostprinsippet.

### Avtalar

Avtale om leige og drift av miljøstasjon.

### Særskilde utfordringar

Tenesta fungerer godt!

## 2.12 Brannvern

### Nærare om tenesteområdet

Kommunane har ansvar for brannvern. Dette omfattar førebyggjande arbeid med tilsyn og kontrollar og feiing og brannberedskap med brannvesen. Beredskapsoppgåvene har stadig vorte utvida og omfattar redningsoppdrag, akutt ureining, handtering av politioppgåver/valdsepisodar (PLIVO) og oppgåver inn mot helsemessig beredskap (first responder m.m.).

Desse oppgåvene vert løyst gjennom det interkommunale selskapet Sogn Brann og Redning IKS. Kommunane eig brannstasjonane og stiller dei til disposisjon, medan Sogn Brann og Redning eig utstyr.

### Økonomi, gebyrsatsar

Tema	Eining	Balestrand	Leikanger	Sogndal	Totalt
Ressursbruk - kostnader	Kr/år	2655000	2869000	9366000	14890000
Inntekter	Kr/år	-374000	-365000	-1246000	-1985000
Ressursbruk – netto kostnader	Kr/år	2281000	2506000	8120000	12907000

Kostnader vert dekkja fullt ut av gebyr etter sjølvkostprinsippet. Overskot i driftsrekneskapen vert nytta til å dekkje indirekte kostnader og kapitalkostnader.

### Avtalar

Akutt ureining.

### Særskilde utfordringar

Tenesta fungerer godt!

## 2.13 Prosjektgjennomføring - investeringar

### Nærare om tenesteområdet

Kommunane eig og driftar kommunale anlegg og grøntområde utanom bygningar og veganlegg. Dette er ulike typar av anlegg som krev ulik drift og tilsyn. I kartlegginga er desse anlegga samla av praktiske omsyn.

### Tilsette, kompetanse

Tilsette	Eining	Balestrand	Leikanger	Sogndal	Totalt
Tilsette som jobbar med fagområdet	Stilling	2	1	3	6
Stillingsressursar -	Årsverk	0,3	0,5	2,5	3,3

Berre Sogndal kommune har egne tilsette som jobbar med prosjekt og prosjektstyring. I Balestrand og Leikanger er dette arbeidet lagt til kommunalsjef og dels FDV-ansvarleg.

### Nøkkeltal for utøving av tenesta

Tema	Eining	Balestrand	Leikanger	Sogndal	Totalt
Investeringsramme 2018	Kr/år	21827000	39000000	53400000	114227000
Investeringsramme 2019	Kr/år	11460000	35000000	83406000	129866000
Samla investeringsramme før 2020	Kr/år	33287000	74000000	136806000	244093000
Tal prosjekt 2018 og 2019	stk	12	17	30	59

Kartlegginga viser at kommunane planlegg å gjennomføre 59 prosjekt med ei samla kostnadsramme på ca. 244 mill. kr før 2020.

### IKT-system, utstyr

Tema	Eining	Balestrand	Leikanger	Sogndal	Totalt
Sak arkiv	System	ESA	ESA	ESA	-
Prosjektstyring	System	-	-	-	-

Kommunane har like system. Ingen særskilde utfordringar.

### Avtalar

Avtalar knytt til

### Særskilde utfordringar